



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	21.11.2016
Tid:	15:00 – 17:30

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP
-----------------	------	---------

Andre: Jon Rune Våge

Politisk sekretær Brit Berge

Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Anja Pedersen og Ole Brubakk.

Drøftingar/orienteringar:

Sak om hamneavgift. Handsaming i neste møte. Jon Rune Våge orienterte, saka vart drøfta.

Pir på Fosnavåg hamn. Jon Rune våge orienterte, saka vart drøfta.

underskrifter

Ole Brubakk

Idar Tarberg

Anja Pedersen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 80/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 81/16	Protokoll frå førre møte.
PS 82/16	Delegerte saker
PS 83/16	Gnr 4 bnr 8 - Frådeling av eksterande bustad
PS 84/16	Gnr 20 bnr 9 - Frådeling av eksisterande bustad
PS 85/16	Gnr 20 bnr 2 - Klage på vedtak i MTK-sak 40/16 vedk. avslag av dispensasjonssøknad med sikte på frådeling av bustadtomt
PS 86/16	Alf Inge Leine Gnr. 25 bnr. 4 - søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegner i reg.plan Indre Leine bustadfelt - frådeling av bustadtomt
PS 87/16	A. Voldnes &Co. gnr. 38 bnr. 86 frådeling av tilleggsareal til gnr. 38 bnr. 17 og tomt til uendra bruk
PS 88/16	Gnr 47 Bnr 1 - Etablering av naust/gapahuk
PS 89/16	Gnr 12 Bnr 12 Opprusting av veg og ny snuplass

Delegerte saker frå avdelingane

DS 311/16	Jonas Balkevicius 34/245 - Ferdigattest
DS 312/16	Gnr 29 Bnr 6,8,9,332 Ferdigattest vassleidning
DS 313/16	Beret og Atle Melle 44/64 - Løyve til oppføring av tilbygg til hytte og naust
DS 314/16	Gbr 44 Bnr 4 - Oppføring av garasje
DS 315/16	Mellombels bruksløyve - 4/328
DS 316/16	Gnr 86 Bnr 28 - Tilbygg til fritidshus.
DS 317/16	Gnr 37 bnr 450 Prego Restaurante - Ferdigattest
DS 318/16	Karl Lennart Kvalsvik m fl - 7/4,73,74,75 og76 - 5 sjøbuder i rekke
DS 319/16	Pål Andreassen og Gunn Sætre - 22/16 - Tilbygg, garasje og riving/demontering
DS 320/16	Gnr 83 Bnr 18,19 Mellombels bruksløyve for deler av tiltaket
DS 321/16	Svein Selvåg 53/9 - Løyve til tiltak
DS 322/16	Herøy kommune - 83/18 m fl - Veg og parkeringsområde Leikanger skule
DS 323/16	Ferdigattest riving av bygg - 33/45
DS 324/16	Iren Anita Måløy - 86/4 - Bod
DS 325/16	Ferdigattest - vassledning Myklebuståsen
DS 326/16	Gnr 26 Bnr 189 -Søknad om igongsetjing
DS 327/16	Gnr 36 Bnr 121 Ferdigattest.
DS 328/16	Gnr 44 Bnr 64 - Ferdigattest
DS 329/16	Janis Nazarovs - 29/226 - Tilbygg
DS 330/16	Gnr 17 Bnr 1,3,4,5,11,12,13,14 - Legging av vassleidning og straumrør
DS 331/16	Gnr 34 Bnr 401 - Ferdigattest tak.
DS 332/16	Ferdigattest 4/307
DS 333/16	Bente Måløy - 86/23 - Rehabilitering av skorstein
DS 334/16	Gnr 26 Bnr 58 - Rammeløyve for carport og vinterhage
DS 335/16	Gnr 4 Bnr 25 Ferdigattest - riving kai, utfylling masser, plastring/muring ny front mot sjø
DS 336/16	Gnr 28 Bnr 21 Ferdigattest tilbygg til garasje

DS 337/16	Gnr 20 Bnr 27,31 - Søknad om ferdigattest.
DS 338/16	Ferdigattest Butikkbygg 38/291
DS 339/16	Gnr 6 Bnr 9 - Ferdigattest
DS 340/16	Gnr 40 Bnr 31 - Nautøya - forlenga løyve massedeponi
DS 341/16	Gnr 36 Bnr 17 - Ferdigattest
DS 342/16	Herøy kommune - 60/8, 9 og 10 - Vesentleg terrenginngrep
DS 343/16	Gnr 58 Bnr 38 - Hovudtrapp med universell utforming

PS 80/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 81/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 82/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 83/16 GNR 4 BNR 8 - FRÅDELING AV EKSTERANDE BUSTAD

Møtebehandling:

Landbrukssjefen møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komite vedtek av det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen etter PBL § 19-2, og gjev løyve til å dele frå hus nr. 2 på bruket med inntil 1,3 dekar slik det er søkt om etter jordlova § 12.

Det vert stilt som vilkår for dispensasjonen at det ikkje skal byggast eit hus nr. 2 på bruket ved ein seinare anledning, og at framtidige frådelingar berre skal skje i samsvar med kommuneplan.

Grunngjeving for dispensasjon og løyve er at det ikkje vil føre til vesentlege drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta på eigedomen eller for landbruket i området.

PS 84/16 GNR 20 BNR 9 - FRÅDELING AV EKSISTERANDE BUSTAD

Møtebehandling:

Landbrukssjefen møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komité vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, etter PBL § 19-2, og gir løyve til å dele frå det eine bustadhuset på gnr. 20 bnr. 9, med inntil 1,2 dekar slik det er søkt om, etter jordlova § 12.

Grunngjeving for løyve er at det ikkje vil føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta på eigedomen eller for landbruket i området.

Det stilles som vilkår for dispensasjonen at det ikkje skal byggast hus nr. 2 på bruket, og at seinare frådelingar i området berre skal skje etter ev. føremålsendring i kommuneplanen.

PS 85/16 GNR 20 BNR 2 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 40/16 VEDK. AVSLAG AV DISPENSASJONSSØKNAD MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT

Møtebehandling:

Klage frå tiltakshavar datert 28.09.2016 vart delt ut i møte.
Landbrukssjefen møtte og orienterte.
Maritim og teknisk komite kom med framlegg om slik endring i tilrådinga 1. avsnitt:
Maritim og teknisk komite imøtekjem delvis søkjar si klage

Rådmannen si tilråding med framlagt endring vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komité imøtekjem delvis søkjar si klage og endrar sitt tidligare vedtak frå MTK-sak 40/16. Ein gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel etter plan- og bygningsloven § 19-2, løyve til omdisponering av 1 dekar innmarksareal til bustadføre mål etter jordlova § 9, og løyve til deling etter jordlova § 12, i høve frådeling av ei bustadtomt på gnr. 20 bnr. 2 på Frøystad.

Vilkår for dispensasjon:

- Det vert stilt krav om at området vert vurdert som tilstrekkeleg trygt ved ei skredfagleg vurdering. Rapport frå denne skredvurderinga sendast til kommunen før oppmåling.
- Bustadtomta vert om lag 1 dekar, med grense mot 20/5, 20/51 og 20/42.
- Denne frådelinga vert den siste for dette bruket før ei ev. endring i kommuneplanen.
- Bustadtomtene 20/52 og 20/53 skal slås saman med hovudbruket 20/2.
- Tilkomstveg vert lagt om på austsida av løda med so lite inngrep i jordbruksarealet som mogleg.

**PS 86/16 ALF INGE LEINE GNR. 25 BNR. 4 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
REGULERINGSFØRESEGNEN I REG.PLAN INDRE LEINE BUSTADFELT -
FRÅDELING AV BUSTADTOMT**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gitt midlertidig dispensasjon frå § 8.1 i reguleringsføresegnene til Indre Leine Bustadfelt. Alf Inge Leine får dispensasjon til å dele frå ei bustadtomt.

Vilkår for dispensasjon:

Bustadtomt vert tilknytt ny kommunal veg aust for tomte når denne vegen er opparbeidd og opna for trafikk.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

**PS 87/16 A. VOLDNES &CO. GNR. 38 BNR. 86 FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL
TIL GNR. 38 BNR. 17 OG TOMT TIL UENDRA BRUK**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

1. Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av tomt til næringsformål.

2. Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, og Lov om eigedsregistrering (Matrikkellova) §§ 33 og 34, godkjenner MTK søknad om løyve til tiltak jfr pbl § 20-1 m og gjev løyve til oppretting av ny matrikkeleigedom som omsøkt.

3. Med heimel i pbl § 21-4 b, og Lov om eigedsregistrering (matrikkellova) § 20 vert det stilt krav om at det frådelte tilleggsareal skal samanføyast med gnr. 38 bnr. 17.

PS 88/16 GNR 47 BNR 1 - ETABLERING AV NAUST/GAPAHUK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komite (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, samt byggjeforbodet i pbl § 1-9, for oppføring av naust i storleik 5 m x 8 m.

Med heimel i plan- og bygninglova (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite (MTK) søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3, jfr § 20-4, datert 03.06.2015 og 17.9.2016.

MTK gjev løyve til oppføring av naust i samsvar med teikning, situasjonsplan og søknad datert 03.06.2015 og 17.9.2016.

Det er ikkje lov å innreie naust eller sjøhus til varig opphald.

Før bygget kan takast i bruk, må det søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jfr pbl §§ 21-9 og 21-10.

PS 89/16 GNR 12 BNR 12 OPPRUSTING AV VEG OG NY SNUPLASS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.11.2016

Maritim og teknisk komite (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon byggeforbodet i kommuneplanen sin arealdel for opprusting/oppgradering av eksisterande veg på gnr 12 bnr 12.

Vegen kan opprustast/oppgraderast i ei breidde på 2 meter og skal følgje same trase som opprinneleg veg. Det vert ikkje gjeve løyve til snuplass som omsøkt.

MØTET SLUTT!

